



Otto Myklebust og Frode Myklebust frakta båten frå Langåt, og fekk hjelp av Kristian Bringedal då dei sette den på sjøen.

**I morgon vert færingen frå Sandajekto synt fram på Aktivitetsdagen. Det er ein sjeldan fin tre bordar Strandbarmar, truleg langt over 100 år. Det vert fortald at færingen er bygd på Rød i Uskedalen.**

Færingen vart nytta som lettboat til jekta Signy i fraktesfarten i distriktet. Det var brørne Mandius og Johan T. Myklebust som eigde og dreiv Sandajekto frå tidleg på 1900- talet og fram til 1927. Då ovetok brørne Martin og Johan J. Myklebust.

Då Martin Myklebust flytta til Osnes i Etne, og det vart slutt på fraktesfarten tok han færingen med. Sonen, Olav Myklebust, tok hand om færingen og frå tida etter 1970 kjem båten attende til Kvinnherad. Sonen, Otto Myklebust, er eigar i dag. Han syner stolt fram eit klenodie av ein robåt etter bestefar sin, Martin Myklebust.

I tillegg syner Bygdetunet Rød fram ein sjeldan fin jolle, bygd i 1937, ei gåve frå Astrid og Pål Haugland. Dag Helland sin Strandbarmar, bygd på Tysnes i 1952, vert og med på Aktivitetsdagen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland



Noverande eigar Otto Myklebust ombord i båten.